



Saksbehandlar: Paal Fosdal, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/6279-1

## **Sal av Fjord1-aksjar**

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjøre slikt vedtak:**

1. Fylkestinget i Sogn og Fjordane godkjenner at F1 Holding AS sel aksjane i Fjord1 AS til Havilafjord AS. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at F1 Holding AS først sel 26 % av aksjane no. Havilafjord AS har så ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 33 % mellom 1. januar 2017 og 31. mars 2019, medan F1 Holding AS har rett (opsjon) til å selje resterande 33 % til Havilafjord AS mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019.

Fylkestinget har ikkje merknader til tilhøyrande avtaleverk, dvs. aksjekjøpsavtalen, opsjonsavtalen, låneavtalen og aksjonæravtalen for den felles eigarskapen mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS, jf. uprenta vedlegg.

2. Fylkestinget føreset at F1 Holding AS vedtek nemnde avtaleverk.
3. Fylkestinget viser til at Havilafjord AS har forplikta seg til å trekke søksmålet mot F1 Holding AS for Sogn tingrett. Fylkestinget konstaterer at denne saka, som følgje av dette FT-vedtaket, vil vere forlikt mellom partane.
4. Sals- og renteinntekta vert overført som ekstraordinært utbytte frå F1 Holding AS til fylkeskommunen. Den skal, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter og bankgaranti, nyttast til gjeldssanering. Sett i lys av pågående regionreformprosess, vil fylkestinget likevel – for inntekter mottekne etter 2016 – vurdere fondsavsetjing som alternativ til gjeldssanering.
5. Fylkeskommunen sin eigarrepresentant/generalforsamling i F1 Holding AS får fullmakt til å slutføre salet.

**Vedlegg:**

1. Aksjekjøpsavtale (sladda, offentleg versjon)
2. Opsonsavtale (sladda, offentleg versjon)
3. Aksjonæravtale (sladda, offentleg versjon)
4. Låneavtale (sladda, offentleg versjon)
5. Avtale om utsetting og eventuell heving av sak nr. 15-203599TVI-SOGN

**Andre dokument som ikkje ligg ved:**

1. FT-sak 46/15 Eigarposisjonen i Fjord1 AS.
2. Avtale med Torghatten ASA (ikkje off. Fvl. § 13 om teieplikt, Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument).
3. Konkurransetilsynet si avgjerd (offentleg versjon) i brev av 14. juli 2016.
4. Aksjekjøpsavtale (ikkje offentleg, Fvl. § 13 om teieplikt, Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument).
5. Opsonsavtale (ikkje offentleg Fvl. § 13, Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument).
6. Aksjonæravtale (ikkje offentleg Fvl. § 13, Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument).
7. Låneavtale (ikkje offentleg Fvl. § 13, Ofi § 23, 4. ledd, eigardokument).

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

## **1. Samandrag**

17. august 2016 signerte fylkesordføraren, på vegner av F1 Holding AS (F1 Holding), aksjekjøpsavtale om sal av aksjar i Fjord1 AS (Fjord1) til Havilafjord AS (Havila). Resten av avtalane som er tinga fram med Havila vert signert ved gjennomføringa av aksjekjøpsavtalen som er planlagt i oktober/november. Avtalane inneber at fylkeskommunen i haust sel seg ned frå ein majoritetspost på 59 % til ein eigardel på 33 % (minoritet). Dei resterande aksjar kan verte selde innan vel 2 år. I denne perioden vil partane arbeide for at også andre regionale investorar kjem inn på eigarsida.

Den formelle transaksjonen vil skje mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS. Løysinga føreset, i kronologisk rekkefølge, godkjenning i styret for Havilafjord AS og fylkestinget i Sogn og Fjordane.

Partane er samde om at den føreståande rettssaka mellom Havila og F1 Holding fell bort om salet vert godkjent. Fylkesordføraren signerte i samband med dette ei avtale om utsetting og ev. heving av rettssaka den 17. august 2016. Rettssaka er førebels utsett til 26. september 2016.

Avtaleverket er sett saman av desse dokumenta:

- Aksjekjøpsavtale
- Opsjonsavtale
- Aksjonæravtale
- Låneavtale
- Avtale om utsetting og eventuell heving av rettssak.

Det kommersielle innhaldet i avtaleverket er ikkje offentleg, jf. Fvl. § 13 om teieplikt og Ofl. § 23, 4. ledd, eigardokument. Det ligg føre sladda, offentlege versjonar som vedlegg til denne saka. Med bakgrunn i at ein svært liten del av avtaleverket er sladda (pga. teieplikt), legg fylkesrådmannen opp til at dei usladda versjonane berre vert tilgjengelege ved den politiske slutthandsaminga.

## **2. Bakgrunn for saka**

Handsaminga av Eigarmeldinga for 2013 i FT vart starten på ei ny vurdering av eigarposisjonen vår i Fjord1.

I FT-sak 46/15 - Eigarposisjonen i Fjord1 AS - gjekk fylkesrådmannen gjennom nokre sentrale problemstillingar og utviklingstrekk i bransjen og dei strategiske omsyna som ligg til grunn for eigarskapen vår i private selskap, med særleg vekt på eigarskapen i Fjord1. Alternativ bruk av offentlege midlar, som i dag er bundne opp i Fjord1, samt den risikoen som ligg i ein framtidig eigarskap, vart vurdert opp mot vinsten ved eigarposisjonen.

Det meste av desse vurderingane står seg, men utslepps- og klimakrav er forsterka og konkurransen i bransjen ytterlegare skjerpa med uvanleg mange store samband ute på anbod dei nærmaste åra. Fylkesrådmannen viser elles til nemnde saksførelegg, fylkestinget si handsaming og vedtaket i FT-sak 46/15 Eigarposisjonen i Fjord1 AS den 23. november 2015 om sal av aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA:

1. *Sogn og Fjordane fylkeskommune sel aksjane i F1 Holding AS til Torghatten ASA. Salet inneber eitt trinnvis sal av aksjane ved at fylkeskommunen først sel 50% av aksjane, medan Torghatten får ein rett (opsjon) til å kjøpe resterande 50 % tidlegast 1. januar 2017. Om Torghatten ASA ikkje nyttar denne opsjonen, har fylkeskommunen høve til å selje resterande 50 % til Torghatten ASA etter 1. januar 2019. Fylkestinget vedtek aksjesalsavtale og aksjonæravtale som regulerer dette, jf. uprenta vedlegg 2 og 3.*
2. *Fylkesrådmannen får fullmakt til å sluttføre salet.*
3. *Salsinntekta, med frådrag av tilhøyrande konsulentutgifter, skal nyttast til gjeldsanering.*

## Grunnen for at saka no er fremja

Ved brev av 14. juli 2016 greip Konkurransetilsynet, med heimel i konkuranselova § 16, jf. § 20 fjerde ledd inn, og la ned forbod mot det vedtekne salet til Torghatten ASA. Det var ankefrist på vedtaket 4. august 2016. Avgjerdet vart ikkje påklaga.

Etter eit sjølvstendig initiativ og sonderingar av styreleiar i Fjord1, Pål W. Lorentzen, gjorde FU 3. august 2016 (for sin del) eit samrøystes vedtak om ikkje å påklage tilsynet si avgjerd. Det vart også gjort vedtak om å starte sonderingar og ev. tingningar med Havila. Begge vedtaka er tekne inn her:

### *FU-sak 70/16 Drøfting av Konkurransetilsynet sitt vedtak vedk. sal av aksjar i F1 Holding:*

1. *Fylkesutvalet tek Konkurransetilsynet sitt vedtak om F1 Holding AS – Torghatten ASA av 14.07.16 til vitande.*
2. *Fylkesutvalet påklagar ikkje Konkurransetilsynet sitt vedtak. Ein tek dessutan til vitande at heller ikkje Torghatten ASA vil påklage vedtaket. Dette vedtaks-punktet er, for fylkeskommunen sin del, gjort med heimel i delegerings-reglementet kap. 1.4.3, jf. også kommunelova § 13.*
3. *Fylkesutvalet ser ikkje på ein ev. klage på Konkurransetilsynet sitt vedtak som ein del av fylkesrådmannen sitt oppfølgingsansvar i høve vedtaket i FT-sak 46/15.*

### *FU-sak 71/16 Fylkeskommunen sin vidare eigarskap i F1 Holding AS/Fjord1 AS<sup>i</sup>:*

1. *Sett i lys av at Konkurransetilsynet sitt vedtak ikkje vert påklaga, jf. vedtak i FU-sak 70/16, og signal frå Havilafjord AS, vert det m.a. gjennomført sonderingar og så ev. forhandlingar med minoritetseigar i Fjord1 AS for å sjå om det er grunnlag for ei alternativ, ev. regional, løysing. Jf. invitasjon frå styreleiar i Fjord1 AS til fylkesordførar og fylkesrådmann. Ei ev. slik løysing må – for fylkeskommunen sin del – vere på eit nivå som er på line med det tilbodet Torghatten ASA kom med 2.11.15.*
2. *Ei ev. forhandlingsløysing må godkjennast i eit ekstraordinært fylkesting i løpet av august 2016.*
3. *Ei ev. forhandlingsløysing føreset at Havilafjord AS trekk sitt søksmål mot F1 Holding for Fjordane tingrett og begjærer saka heva som forlikt.*

I FU 3. august vart det avtalt nytt møte på saka 9. august. Dette vart gjennomført basert på sonderingar og innleiande forhandlingar med minoritetseigar 5. august.

Det vart vidare avtalt at det skulle leggjast til rette for ekstra FT på saka 26. august – dersom tingingane førte fram. Og i så fall skulle fylkesrådmannen si tilråding leggjast ut 22. august og FU handsame saka i eit ekstramøte 24.august. Arbeidet har – i desse hektiske vekene – vore tilpassa denne køyreplanen.

Utover dette har fylkesordføraren kalla inn til eit ekstramøte i FU 22. august, dette for å informere nærmare om forhandlingsresultatet.

Etter at både fylkeskommunen og Torghatten fatta vedtak om å ikkje påklage Konkurransetilsynet si avgjerd, var det klart at aksjekjøpsavtalen med Torghatten måtte hevast. Torghatten sendte brev til oss om heving av avtalen 8. august. Dette inneber at transaksjonen som FT gjorde vedtak om 23. november 2015 vart avslutta. Torghatten måtte difor betale føresett kompensasjon til fylkeskommunen.

Avtale med Havila har kome til etter sonderingar og deretter tingningar mellom partane i perioden 5.-17. august. På fylkeskommunal side har forhandlingane vore leia av fylkesordførar og fylkesrådmann. Hos Havila har Per Sævik leia forhandlingane. Utover dette har styreleiar i Fjord1, Pål W. Lorentzen, medverka som initiativtakar og leiar av forhandlingsmøta.

### Andre opplysningar

Havilafjord AS eig 41 % av aksjane i Fjord1. Selskapet sitt hovudføremål er å eige aksjar i Fjord1, og det som naturleg høyrer under dette. Havilafjord AS er eit heileigd datterselskap av Havila Holding AS. Havila Holding AS har fleire datterselskap innan shipping og offshore. Konsernet hadde

---

<sup>i</sup> Vedtaket vart mellombels unnateke offentleggjering

ei årsomsetting på 3,6 mrd. kr. i 2015 og om lag 1 500 tilsette. 2015 var preget av dårlege tider for datterselskapet Havila Shipping AS med store nedskrivningar. Konsernet hadde pr. 31. desember 2015 ein bokført eigenkapital på om lag 1,2 mrd. kr.

Havila leverte bod på fylkeskommunen sine aksjar i Fjord1 i prosessen vi gjennomførte i 2015.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Detaljane i transaksjonen går fram av avtaleverket.

Modellen er relativt lik strukturen som vart avtalt med Torghatten i november 2015, men no direkte med aksjane i Fjord1 og ikkje i F1 Holding. 26 % av aksjane i Fjord1 vert overdratt til Havila så snart transaksjonen er godkjent av Konkurransetilsynet. Havila har den fulle risiko for Konkurransetilsynet si godkjenning. Havila har ein opsjon til å kjøpe og vi en rett til å selje dei resterande 33 % av aksjane seinare. Salsopsjonen må skje med førehandsvarsel på seks månader. Avtalen med Torghatten var delvis resultatbasert (earn-out). Avtalen med Havila er basert på faste og førehandsavtalte beløp.

#### Økonomi- og budsjettkonsekvensar

##### *Oppgjer med Torghatten ASA*

Torghatten ASA har alt betalt fylkeskommunen føresett kompensasjon. I tillegg har selskapet fram til primo august dekt F1 Holding sine utgifter i samband med forkjøpsrettsaka reist av Havila.

##### *Skatt*

Vinsten ved sal av aksjar i Fjord1 får ikkje skattemessige konsekvensar.

##### *Hovudtrekka i det nye avtaleverket*

F1 Holding sel 26 % av aksjane i Fjord1 til Havila no. Havila har rett til å kjøpe resten (33 %) av aksjane tidlegast 1. januar 2017. Denne kjøpsopsjonen varar fram til 31. mars 2019. Samstundes gjev opsjonsavtalen oss høve til å selje dei resterande aksjane til Havila mellom 1. januar 2019 og 28. februar 2019. Sentrale økonomiske vilkår er:

- F1 Holding får 59 % av ekstraordinært utbytte på 50 mill. kroner frå Fjord1 for 2015. Partane er samde om ein utbyttepolitikk for den felles eigarskapen i Fjord1.
- I oktober/november 2016 kjem oppgjer for 26 % av aksjane, med mindre partane blir samde om å utsette gjennomføringa av avtalen.
- Uavhengig av kven som løyser ut opsjonen, kjem det eit fastsett oppgjer når den vert utløyst, med frådrag for utbetautbytte til F1 Holding for åra 2016 og 2017.
- Det er tinga fram eit restbeløp (lån) ved aksjesalet med forfall 30. juni 2020. Vi får rente og det er knytt bankgaranti til dette beløpet. Om ingen av partane nyttar seg av sin opsjon, vert restbeløpet for 26/59 av aksjane betalt 30. juni 2020
- Som tryggleik for salet av opsjonsaksjane og restbeløpet får vi ein sjølvskuldnarkausjon frå Havila sitt morselskap Havila Holding AS. Når opsjonsaksjane vert løyste ut, blir denne erstatta med ein bankgaranti. Vi har forplikta oss til å betale kostnadane for denne bankgarantien med inntil 15 mill. kroner, medan Havila vil dekke eit ev. overskytande beløp.

##### *Havila Holding AS – finansiell analyse*

Fylkesrådmannen har engasjert Kjelstrup & Wiggen Consulting AS (KWC AS) til å gjere ein finansiell analyse av Havila Holding AS for kredittvurderingsføremål. Basert på avtale i siste forhandlingsmøte tek eg KWC AS sin konklusjon inn i saka mi:

- Havila Holdings soliditet er pr. i dag god. Havila Holdings beregnede verdijusterte egenkapital utgjør MNOK 1 035, som er solid sett opp imot morselskapets langsiktige gjeld. Etter vår vurdering er beregningen av verdijustert egenkapital basert på fornuftige forutsetninger.
- Havila Holding har ikke formalisert opptak av lån i forbindelse med oppkjøpet av Fjord1-aksjene. Lån er til behandling i kredittkomite, og ifølge Havila Holding er det gitt gode signaler på at lånet vil innvilges med pant i aksjene i Fjord1.
- Havila Holdings soliditet og gjeldsbetjeningsevne i juni 2020 vil være avhengig av fremtidig verdiutvikling på dagens investeringer, fremtidige investeringer, opptak av ny gjeld og eventuelt fremtidig uttak av utbytte.
- Bankene har pant i selskapets aksjer i Fjord1, og dette avdemper risikoen for at selskapet vil foreta større nye investeringar da lånekapasiteten allerede er benytta.

- KWC har ikke vurdert transaksjonsprisen for Fjord1-aksjene, opsjonene og rentebetingelser på selgerkreditten. Avtalene er fremforhandlet samlet og må sees i sammenheng.
- Havila Holdings hovedeiendel er Fjord1-aksjene som har en solid forventet kontantstrøm de nærmeste årene, og risikoen for at Fjord1 aksjene faller vesentlig i verdi på kort sikt er begrenset. Risikoen for at Havila Holding ikke vil være i stand til å gjøre opp for sine forpliktelser vil være knyttet til en kombinasjon av verdifall i Fjord1-aksjene og eventuelle andre feilslåtte investeringer.
- Etter vår vurdering er det sannsynlig at Havila Holding vil tiltre kjøpsopsjonen for de resterende 33% av aksjene i Fjord1. Fra tiltredelsestidspunktet vil SFF få bankgaranti for resterende selgerkredit.
- Det er vår konklusjon at Havila Holding har en solid og god finansiell stilling.

Konsolidert Balanse (MNOK)	Balanse pr. 30.06.2016	Kjøp	Balanse pr. 30.06.2016 etter kjøp av	Substansverdi / VEK
<b>Eiendeler</b>				
Aksjer i Havilafjord AS (Eier 41% av Fjord 1)	399	-	399	740
Aksjer Fjord 1 - 26%	-	444	444	444
Andre poster	676	-	676	777
<b>Sum eiendeler</b>	<b>1 076</b>	<b>444</b>	<b>1 520</b>	<b>1 961</b>
<b>Gjeld</b>				
Langsiktig gjeld	364	282	646	646
Selgerkredit Fjord 1 kjøp	-	162	162	162
Kortsiktig gjeld	118	-	118	118
<b>Sum gjeld</b>	<b>482</b>	<b>444</b>	<b>926</b>	<b>926</b>
<b>Bokført egenkapital / VEK</b>	<b>593</b>	<b>-</b>	<b>593</b>	<b>1 035</b>

(KWC AS har foretatt våre analyser og vurderinger i løpet av en kort tidsperiode, og har av denne grunn ikke foretatt en full due diligence gjennomgang av virksomheten, men begrenset vårt arbeid til handlinger som er beskrevet i denne rapport).

### Rettslege konsekvensar

#### *Konfidensialitet*

Havila har godteke at avtalane vert lagt fram for fylkestinget både i ein sladda og i ein usladda versjon. Sladdinga er godkjent av begge partar. Dette er i avtaleverket uttrykt slik:

*Ovennevnte skal likevel ikke være til hinder for at Avtalen blir lagt fram for fylkestinget i Sogn og Fjordane fylkeskommune både i en sladdet og en usladdet versjon. I den sladdede versjonen er kommersielle forhold utelatt. Den sladdete versjonen er offentlig, den usladdete versjonen er ikke offentlig. Opplysningene som blir sladdet er underlagt taushetsplikt. Avtalen skal også i sladdet form kunne legges frem for Konkurransetilsynet i forbindelse med melding om Transaksjonen. (Understrekna av frm).*

#### *Om aksjonæravtalen*

Det er tinga fram aksjonæravtale for den felles eigarskapen i Fjord1, jf. vedlegg. Etter aksjonæravtalen får F1 Holding to representantar i styret, Havilafjord fire representantar og dei tilsette to. Styret sin leiar vert peikt ut av Havilafjord og nestlearen av F1 Holding. Styret vil berre vere avgjerdssyktig når minst to av styremedlemene peikt ut av Havilafjord og minst eitt peikt ut av F1 Holding er til stades eller deltek i styrehandsaminga.

Vedtektsendringar i Fjord1 krev samtykke frå F1 Holding. Partane er vidare samde om at Fjord1 skal ha forretningsadresse i Flora kommune.

Kvar av partane har forkjøpsrett til aksjane i Fjord1.

Intensjonen er at Fjord1 skal dele ut 50 % av årsresultatet i utbytte. Likevel vil selskapet kunne vurdere investeringsbehovet i ei forsvarlig utbytteutdeling. Ev. utbytte for 2016 og 2017 kjem til frådrag i kjøpesummen for opsjonsaksjane. Det vil difor ikkje vil ha noko å seie økonomisk for fylkeskommunen om det vert delt ut utbytte, sett bort i frå at utbetalingane i så fall kjem tidlegare.

Havilafjord vil som majoritetseigar i selskapet ta rolla som aktiv eigar i Fjord1-konsernet og skal stå fritt til å føreslå og å arbeide for gjennomføring av strukturelle grep som etter Havilafjord si vurdering er eigna til å bidra til verdiauke.



## **Konkurranserett**

Eit slikt sal må ha godkjenning av Konkurransestilsynet før det vert gjennomført. Etter aksjekjøpsavtalen skal Havila melde kjøpet av aksjane til Konkurransestilsynet seinast 10 arbeidsdagar etter at fylkestinget ev. har godkjent avtalen.

Partane har avtalt at gjennomføringa av avtalen ikkje skal skje seinare enn 30. november 2016, om ikkje partane vert samde om eit seinare tidspunkt. Denne datoен er ikkje eksplisitt uttrykt i avtaleverket, og fylkesrådmannen opplyser difor dette særskild. Konkurransestilsynet si godkjenning skal ligge føre på tidspunktet for gjennomføring av avtalen.

Havilafjord skal kompensere fylkeskommunen for tap som oppstår som følgje av heving på grunn av at transaksjonen ikkje vert godkjent av Konkurransestilsynet. Ved eit ev. nytt sal av aksjane og opsjonsaksjane, skal dette skje i samråd med Havila.

## **Andre konsekvensar**

Fylkeskommunen og Havilafjord ynskjer ei spreiing av opsjonsaksjane på regionale eigarinteresser, og har avtalt å arbeide for å finne gode løysningar for dette.

## **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner ein aktiv, offentleg eigarskap i eit privat selskap som Fjord1 blir meir og meir krevjande etter kvart som konkurransen i bransjen aukar og statlege krav vert skjerpa.

Rollekonflikten som majoritetseigar og kjøper av tenester er heller ikkje enkel.

Modellen som no er avtalt med Havilafjord er ein god kombinasjon av sal, framhald av eigarskapen og ev. seinare utgang. Vi får dessutan realisert delar av verdiane av aksjeposten alt no.

Avtalen med Havila har totalt eit noko lågare nominelt beløp enn avtalen med Torghatten, men heile risikoen ved framtidig resultatutvikling (earn-out) er borte. Fylkesrådmannen meiner det er bra at vi no er sikra ein fast pris for heile aksjeposten på 59 % og ikkje – som sist – ein sum som delvis er resultatavhengig.

Tryggleiken for å få framtidige oppgjer er noko lågare. Sjølvskuldnerausjonen og seinare bankgaranti er likevel vurdert som tilfredsstillande, jf. eigen analyse som er gjennomført.

Samstundes kan vi, inntil ev. opsjonen vert utøvd, vere med på den vidare utviklinga av Fjord1 sjølv om påverknaden vil være avgrensa som minoritetseigar. Vi har likevel fått høve til noko større påverknad gjennom aksjonæravtalen.

Fylkesrådmannen ser at det vert meir krevjande for fylkeskommunen å finne ei framtidig, regional løysing utan eit negativt fleirtal. Havila si forkjøpsrett ville uansett kunne ha ført oss inn i ein minoritetsposisjon ved ei regional løysing. Dessutan har det å ta posisjonen med eit negativt fleirtal sin openberre pris, reint økonomisk.

Om ingen av partane gjer opsjonane gjeldande, fell rettar og pliktar etter kjøpsavtalen bort. Den felles eigarskapen held då fram inntil vidare. Vi kan i så fall selje aksjane i Fjord1 til andre, men med kvar av partane sin forkjøpsrett som før.

Fylkesrådmannen rår til at avtalane med Havila vert godkjent og at salsbeløpet – som sist – vert nytt til å sanere gjeld. Vi bør likevel vurdere fondsavsetjing dersom pågående regionreformarbeid gjer det naturleg.